



## Forskrift om kommunale løyper for catskiing i Vang kommune

Vedteke i Vang kommunestyre 13.02.2020

Forskrifta trer i kraft straks den blir vedteken.

### Heimel

Grunnlaget for løypene ligg i forskriftsmynde som Miljødirektoratet har gjeve Vang kommune i medhald av ny §4a, tredje ledd i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) jf. forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 4b.

### Kap 1. Innleiande føresegner

#### § 1-1 Føremål

Forskrifta skal fastsetje trase og gje reglar for bruk av trase for persontransport med tyngre beltebilar som utgangspunkt for alpin skikøyring (catskiing) i Vang kommune.

#### § 1-2 Verkeområde

Forskrifta gjev føresegner om bruken av beltebilløyper i Vang kommune. Føresegnene heimlar berre køyring med typegodkjent og registrert køyretøy i godkjende løyper.

#### § 1-3 Tidsavgrensing av prøveordning for catskiing

Løypene kan nyttast med godkjende køyretøy i ei prøveperiode fram til og med 15. april 2024.

#### § 1-4 Omfang og tidspunkt for turar:

- i Lovleg sesong for motorisert bruk av løypene er frå 1. desember til og med 15. april kvart år.
- ii Løypene kan køyrast 3 turar per dag med avgang til følgjande tidspunkt: kl. 11.00, kl. 12.00 og kl. 13.00.

### Kap 2. Krav til beltebilløypene

#### § 2-1 Løyper som kan nyttast

Det er to beltebilløyper som kan nyttast for catskiing i Vang kommune. Dei to godkjende løypetraseane er vist på vedlagte kart, vedlegg 1 og vedlegg 2.

#### § 2-2 Krav til snøunderlag

Løypetraseane skal køyrast opp på vinterføre med natursnø, og heile løypa skal ha berande snølag for å unngå markskade.

#### § 2-3 Merking av løype

Beltebilløypene skal merkast med stikker i material av tre med refleks før løypene vert

tekne i bruk. Stikkene skal fjernast når sesongen for catskiing er over og seinast 25. april.

### **Kap 3. Reglar for bruk av beltebilløypene**

#### § 3-1 Grense for vekt

Beltebilløypene kan berre nyttast til personfrakt med beltekjøretøy med vekt over 400 kg.

#### § 3-2 Hastigheit

Maksimal lovleg hastigheit for bruk av beltekjøretøy i løypene er 20 km/t.

#### § 3-3 Stopp/raste

Det skal ikkje leggjast opp til at beltebilane skal stoppe/raste langs med beltebilløypa.

#### § 3-4 Trasefråvik

Løypetraseen kan berre fråvikast med opp til 10 meter i horisontalplanet. Ut over det må traseen leggjast om.

#### § 3-5 Omlegging av trase

- i Omlegging av løypetrase opptil 20 meter i horisontalplanet kan berre skje så lenge ny trase er kontrollert mot NVE si kartløyising AutoKAST og aktsemdsområde for skred.
- ii Omlegging av løypetraseen med meir enn 20 meter i horisontalplanet kan berre skje etter endring av forskrift og oppdatering av kart.

### **Kap 4. Krav til tryggleik og informasjon**

Den som driv persontransport for catskiing i Vang kommune skal ha følgjande rutinar.

#### § 4-1 Beltebilløype

- i Skriftlege rutinar for oppmerking og vedlikehald av beltebilløypene.
- ii Skriftlege rutinar for å vurdere når det er forsvarleg å gjennomføre turar med omsyn til vêr, sikt og skredfare.

#### § 4-2 Nedkøyring

- i Skriftlege rutinar for å vurdere når det er forsvarleg å gjennomføre turar med omsyn til vêr, sikt og skredfare.
- ii Skriftlege rutinar for korleis brukarane av tenesta blir informert om
  - Farefulle område å ferdast i.
  - Lokale vêr- og føreforhold.
  - Vanskegrad.

#### § 4-3 Informasjon

Informasjon om turane, som minimum beskriv vanskegrad, skal bli gjort tilgjengeleg der billetter blir seld.

### **Kap 5. Evaluering**

Den som driv persontransport for catskiing i Vang kommune forpliktar seg til å delta i evaluering av forsøksordninga. Det må skrivast logg frå kvar tur som blir gjennomført, loggen skal som minimum ha informasjon om:

---

- i Talet tilsette som er med beltebilen.
- ii Talet tilsette som er med på nedkøringa.
- iii Talet skikøyrarar som er med på turen.
- iv Talet skiløyperar som beltebilen møter langs med beltebilløypa.
- v Vurdering av deltakarane sine evner på ski.
- vi Vurdering av vêr, sikt og skredfare
- vii Eventuelle hendingar på turen (skade, upårekna vêrforhold etc.)

**Vedlegg**


**Vedlegg 1 Kart over beltebiltrase Raudalen Alpin**

**Vedlegg 2 Kart over beltebiltrase Tyn/Filefjell Utvikling**

Vedteken 13.02.2020

# Vedlegg 1 Kart over beltebiltrase i tilknytning til skiheis i Raudalen

Beltebiltrase er markert med blå stipla linje.



## Vedlegg 2 Kart over beltebiltrase i tilknytning til skiheis på Tyin/Filefjell

Beltebiltrase er markert med blå stiple linje.

